

KYRKJEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 125

Kjem ut
kvar måned

Mars 1941

Utgjevar og redaktør:
Prost Slaattelid
Davik

12. årg.

Bøn.

Milde Gud og folkefader,
sign vårt folk og fedreland!
Lat den sol som aldri glader
kveikja liv frå støl til strand!
Giv oss heilag hug i barmen,
legg oss herdig kraft i armen,
so vår dyre fedrejord
bløma må i våre spor!

Høgt frå kyrkjehaug lat stråla
sannings sol i all sin glans!
Kveik kvar lærar til å måla
liv med liv for barnesans!
Lær dei små den glade lydnad,
klæd vår ungdom i din prydnad,
styrk oss mildt i manndoms år,
kryn med fred dei græe hår.

Vig vårt Noreg til ditt tempel,
våre fjell til tind og tårn.
Set på folket vårt din stempel,
gjer oss heilt til dine born,
som alt her med tru og tryggja
i ditt samfund bu og byggja
broderlag frå fjell til strand.
Lys din fred um Noregs land!

Skard.

Salige er de døde som dør i Herren.

Joh. Åp. 14, 13.

Der står virkelig så: Salige er *de døde*. Dette er en annen måte å betrakte døden på enn det er alminnelig i verden. Den sier: Salige er de levende. De som lever livet. — Men Herren sier: Salige er *de døde*.

Dog ikke *alle* døde. Herrens ord er så usvikelig sannferdig. Det kommer derfor her med en tilføyelse: de som dør *i Herren*, d. e. i troens samliv med Herren. *Kun de* er sa-

lige i sin død. *Kun de* går ved døden inn i det evige liv.

Salige er disse døde. *Arten* av denne salighet har et troende menneske noen erfaring om. Hva han i lykkelige stunder kan føle av glede i sin Frelser er av evig art. Men *graden* i denne salighet overstiger utvilsomt vår forståelse — som også våre dristigste forventninger. Derfor har vi som tror på Herren ingen grunn til sorg, men til glede — når Herren kommer for å hente oss hjem til saligheten hos sig. Vi burde hilse ham med et innerlig velkommen. Større forfremmelse kan vi ikke nå, bedre flytning kan vi ikke gjøre. Men ofte er det som går forut for døden, så plagsomt, så lidelsesfullt at vi, når vi ligger på vårt dødsleie, lite formår å gi uttrykk for gleden over snart å komme hjem. Ett bør dog vissheten om at vi er på hjemreisen utrette i oss: at vi er tålmodig i vår trengsel. Her er plassen for de helliges tålmodighet. Trengselen skal jo meget snart bli avløst av en overmåte stor herlighet.

Vi har heller ikke lov til å sørge over våre kjære som dør i Herren. Den midlertidige adskillelse volder savn, og savnet utløser seg titt i tårer. Gud har gitt oss tårenes trøst. Vi vil dog ikke ha dem tilbake som har stridt ut og er kommet hjem. Vi unner dem himlens salighet. Vi *sørger ikke*. Det overlater vi til hedningene som ikke har håp. — Men vi *savner* — undertiden overmåte sårt. Og dette savn kan gjøre sitt til at vår hjemve blir sterkere. Det er bare godt at vi under vårt liv henede lærer å lenges. Her er sannelig nok av det som vil dra oss ned og fengsle oss til jorden. Da hjelper hjemveen til å løfte vårt menneskeliv opp til et høyere nivå. Kristenhåpet får luft under sine vinger.

Vi takker Herren for hans sterke, trøstefulle ord: Salige er de døde som dør i Her-

ren. Hver troende sjel svarer og bekjenner med hele Guds kirke: Jeg tror kjødets oppstandelse og det evige liv:

»Når jeg herfra skal vige,
da vig du ei fra mig.
Og når jeg ned skal stige
i graven, vis mig dig!
Tred frem så snart mitt hjerte
er klemt i dødens nød.
Forkort min angst og smerte
for din den hårde død!«

Amen i Jesu navn.

(Bud og Hilsen).

Hilsenen.

Det var mandag morgen at kapteinen kom innom kirken, fæmelt og blek. Vi skjønte straks at det var noe som stod på. Om ikke en av kirkens folk ville gå med bort på hospitalet, for en av guttene var akkurat lagt inn der. — De lå just ferdige og skulle ut av dokken etter endt utlossing, og idet de holdt på og skulle legge på luker i en fart, var en av matrosene falt i rummet, 36 fot rett ned. De hadde øyeblikkelig fått fatt i ambulansen og fått kjørt ham på hospitalet. Og nu måtte det telegraferes hjem, og alt var bare trist.

Borte på hospitalet så det ikke videre rart ut. Den unge sjømannen lå der, blek og bevisstløs, med litt blod ut av nese og øre. — Røntgenbilde var ennå ikke tatt, men vi skjønte at håpet om bedring var ikke rart.

Det ble telegrafert til rederiet om å underrette dem derhjemme på det lille stedet på Vestlandet. Kameratene fra båten, som lå seilklar, kom stille opp til sykesengen — men det var ikke mulig å få tale med den syke. Og så ruslet de ut igjen, like stille som de kom. Og båten gikk — det var bare en ung, bevisstløs matros som ble liggende igjen, alene i den store byen.

Det hendte en mandag. Tirsdag kom — ingen forandring. Vi var på hospitalet et par ganger hver dag — alltid det samme. Onsdag og torsdag kom og gikk — fremdeles det samme. Men så fredag ved middagstid satt han på sengekanten og spiste da jeg kom. Det var ikke fritt for at jeg ble glad — men da vi begynte å snakke litt sammen, skjønte jeg at det ikke var rart stell med hodet hans. Tankene var så vanskelige

å samle; — hvor var han henne — var båten gått — kunne han ikke gå ombord og få igjen jobben — hvorfor var her så mange senger? — Det gikk ekspressbrev hjem til Norge den dag — nu måtte de få vite derhjemme at det kanskje stod til liv allikevel.

Slik var det gjerne hver dag vi kom. Påny og påny måtte vi fortelle det som var hendt; han strøk seg over pannen og undskyldte seg med at det var så vanskelig å tenke. Og det stakkars hodet hadde nok fått en slem medfart.

Men et par dager senere lå han og famlet inni nattbord-skuffen da jeg kom. Og fremtrakk han et telegram som han rakte meg. »Jeg fikk et så rart telegram idag,« sa han. »Jeg skjønner det ikke — kan du forstå det?« Jeg foldet det ut og leste. Først navn og adresse — og så følgende: »Kjærlig hilsen. Hjemmet.« Så måtte jeg sette meg ned og forklare. Hjemme hadde de fått vite at han hadde vært så farlig syk — da han frisknet til hadde vi sendt brev om at han var bedre — og nu var dette svaret. »Å, er det slik,« sa han. »Ja, det har vært så vanskelig å tenke — men nu skjønner jeg det.« Og det ble med ett likesom lysere i sykeværelset. Det var noen som stadig tenkte på ham, som bad for ham, og intet heller ville enn at han skulle ha det godt. Den lille papirlappen fikk med ett så stor verdi. »Kjærlig hilsen. Hjemmet.«

Månedsdagen etter innleggelsen fulgte vi en ung matros opp på King's Cross jernbanestasjon. Han skulle hjem. Var fremdeles trett i hodet, og lægen hadde beordret absolutt ro i tre måneder. Men det bar hjemover — og, som han selv sa: »Det var nok noe jeg skulle stanse og tenke litt på. Noe alvorlig. Det var vel derfor det hendte.«

Var det ikke atter — som ofte før og siden — forbønner og kjærlighet som hadde hjulpet en farende sønn gjennom dødens skyggedal? Men ennå ett: Du og jeg møter ofte hendelser i vår vei som vi ikke forstår meningen med. Kanskje vi nettopp nu strir med livets skuffelse, hårdere enn før. Om vi da kunne trekke den praktiske anvendelse av denne lille hendelse, løfte blikket oppad og se at alt som times den der vil leve sitt liv for Guds åsyn, både på det vi kaller glederikt og på det vi synes er så tungt,

står der for troens øye skrevet: »Kjærlig hilsen. Hjemmet.« Det hjem, om hvilket det heter: »Drag deres hjerter til hjemmet her på jorden og til det evige hjem i himmelen, hvor du i din nåde vil samle oss når alle stormer stilner, for Jesu Kristi, vår Herres skyld.«

(Fra B. og H.)



Våre døde.

13. jan.: Karoline Johannesdtr. Andenes, kona til Rasmus Andenes, Levdalsbakke; f. 1890 i Breim; kreft.
14. jan.: Kåre Myklebust, son til handelsmann Tomas Myklebust; f. 1929; ulykkestilfelle.
7. febr.: Berge Rasmusson Humborstad, g. gbr.; f. 1876; hjertesjukdom.
10. febr.: Gjertrud Rasmusdtr. Lofnes, Endal, ugtenar; f. 1862; bronkitt.

**Til dig alene, Herre Krist,
står alt mitt håp på jorden.**

Notisar.

Døpte: 19. jan. Anny Olaug, f. 3. des. av f. Bernhard Ellingsson Bortne og k. Pernille Olsdtr. (f. Roset). — 26. jan. Anne Marie, f. 21. nov. av f. Simon Andersson Førde og k. Karoline Martinusdtr. (f. Vik). — 2. mars: Harald, f. 2. des. av f. Hans Matiasson Bruvoll, Vik, og k. Ragna Olsdtr. (f. Vik).

Rugsund sokneråd har valt oppatt til formann klokkar Hausle og til nestformann Karl Haugland. Det skal vera ofring i påsken til heidningmisjonen, i pinsen til Menighetsfakultetet, i jola til sjukerøktlaget.

Til sjukerøktlaget er kome inn: Lodd: Endal, Reksnes, Berle, Leirgulen, Skatestraumen, Dombestein, Tytingvåg 5 kr., Rugsund, Davik 10. — **Merke:** Endal, Reksnes, Berle, Leirgulen, Skatestraumen, Dombestein, Haus, Tytingvåg 2 kr.; Rugsund, Davik 4. — **Lagspengar:** Rugsund 1, Skatestraumen 15, Haus 16. — **Basarar:** Reksnes 100, Davik 190. — **Gåver:** Lars Etterdal, Marta S. Haus 4 kr.

Til dei krigsherja strok er innkome: Levdal 33 kr., Haus og Ervik 15.50, Elde 11, Husevåg 100, Nordstrand 35, Dombestein 21.50, Isane 30, Tytingvåg 26, Gangsøy og Oldeide 45.35. Før innkome 770.30. I alt 1087.15. Er sendt til Nasjonalhjelpens Vestlandskomite, Bergen

Basarar: Rugsund barneforeining 60 kr. til heidningmisjonen.

Frå Haus barneforeining er sendt 25 kr. til born i dei krigsherja distrikt.

Til indremisjonen er i Nordstrand krins ved innsamling kome inn kr. 78.50.

Til løn åt prostihjelperesten er innsamla: I Maurstad krins 37 kr., Rimstad 37.50, Leirgulen 10.75, Nordstrand 28.

Til misjonen kom inn i 1940: Dombestein kr. 78.40, gåve frå Noe Dombestein 10, Davik misjonsforeining 355.19, renter i banken 1.60. Herav gjekk 25 kr. til Israelsmisjonen, 25 til Santalmisjonen, 393.99 til det Norske Misjonsselskap.

For 100 år sidan. Døde: 22. mars 1841 Knud Olsen, Levdalsnæs, kårman, 79 år. — 21. mars Ingebrigt Jacobsen Bortne, gårdmann, 67 år. — 22. mars Ole Jacobsen Bortneskaar, gårdmann, 88 år.

Gudstenester:

Maria bodskaps s., 30. mars: Rugsund og Totland.
 Palmesundag 6. april: Alfot.
 Skirtorsdag 10. april: Davik.
 Langfredag 11. april: Rugsund.
 1. påskedag 13. april: Davik.
 2. påskedag 14. april: Alfot.
 1. sund. etter påske, 20. april: Berle.
 2. sund. etter påske, 27. april: Totland.
 3. sund. etter påske, 4. mai: Rugsund.

Kvittering for kontingent: Andreas Krokepollen, Olav Hatlen, Severin Lofnes, Anders T. Vik, Harald Bruland, P. Johnsen, Henrik Daviknes, Johan Kvamme, Anders Eldevik, Ole A. Leite, Oline A. Isene, Ole Nybø 2 kr. — Dorte Rødhjelle, Pauline Reksnes, Anna N. Reksnes, lærar Midthjell, lærar Eikås, Johannes Sunde, lærar Brunsvik, Kristine Bakke, Albert Benæs, Elling Henøen, Rasmus O. Myklebust, lærar Bruland, Ole H. Myklebust, Ole J. Isene, Bernt Sandal, R. Isehaug, Kaia Indredavik 3 kr. — Ivar Tømmerstøl, Anton Leirgulen, Baltser Rødeggen, Martinus H. Ardal 5 kr. Anders R. Daviknes, Hans Brunsvik, Karl Asebø, Andreas Asebø, Peder Kreken 2.50. — Peder H. Haus 1.50. — Emil M. Myklebust 6. — Tils. 115 kr. Hjarteleg takk til alle.

Dikt av Claus Frimann.

24. Guds Gjerninger.

Hvor stor er, Gud, din Vælde!
 Det faste grønne Land
 Med sine høie Fjelde
 Omcirklede du med Vand:
 Af Sand ved Havets Bred
 Du byggede en Skandse,
 Bød Havet der at standse
 Og legge Bølgen ned.

Til Veiret Vægt du gjorde,
 Foruden Kald af dig
 Blandt tusind Vinde torde
 Ei nogen røre røre sig;
 Naar du dem kalder frem,
 Flux kommende de bruse,
 Og Skovens Kjæmper knuse,
 Hvis du ei standser dem.

I Lysets høie Kredse
 Blandt talløs Stjerne-Hær,
 Der vidste du at ridse
 Sin Cirkel for enhver;
 Som os du Vandet gav
 Og her vor Vei bereder,
 Saa hine du veileder
 Paa deres Himmelhav.

I Aanders høie Rige
 Langt over skabte Soel,
 Hvor kun Udødelige
 Tilbede for din Stoel,
 Hvad der du byder skee,
 Naar dine Bud du sender,
 Som snare Vind sig vender,
 Med Lyst udrette de.

Soga om Saul fra Tarsus.

(Framhald).

2.

Ein gong for lenge sidan kom ein koloni av joniske grekarar til denne staden, førde av eit orakelspråk frå Apollon i Klaros, og difor var Apollon rekna for grunnleggjaren av Tarsus. Den vesle joniske nybyggjarstaden vaks opp til ein stor austerlendsk by. Her rådde assyriske, mediske, persiske, gresk-syriske kongar, den eine etter den andre. For mindre enn hundrad år sidan vart Kilikia, etter sigrane åt Pompeius, ein provins i det romerske rike, og Tarsus vart hjelpt vidare fram av Cæsar, Antonius og Augustus.

Livet i byen med dei kvite husa samlar seg om torga og bryggene langs med Kydnos, dei store marmorkaiane der den klåre, grøne elva glid framom. Her strøymer dag ut og dag inn mengder av alle slags folk, att og fram mellom vareballane, og røystene deira blandar seg med dei høge rop frå mennene på elva når dei med lange stakar styrer flåtane med timber frå Taurus fram mellom alle båtane og skipa.

Eigaren av villaen er ein framstående mann. Han er jøde og streng farisear, endå han kunne ha god grunn til ikkje å ta det så noye, for han har heimstamnsrett i Tarsus og er romersk borgar.

Vi må hugsa på at for ein gresk borgar i den gamle tid var byen det som alle hans patriotiske kjensler samla seg om. Segnene om korleis den vart grunnlagd av sjølv gudane, var ein viktig del av hans religiøse

tru, og byen si velferd i notida var den store interesse i hans liv. Her var det vanskeleg for jødar og kristne. Dei nekta å vera med i dei religiøse seremoniane som høyrde til for ein borgar i byen. Det var uråd å utføra sine borgarplikter dersom ein ikkje ville vera med på dette, og difor kunne dei ikkje ta sin del i det som dei andre såg på som ei heilag plikt for ein mann. Dei var ute-stengde og vart sett på som dårlege borgarar. Men no ser Tarsus ut til å ha vore ein av dei få byane der denne vansken fall bort for jødane. Borgarane i ein by var oppdelte i lag, som utførde dei religiøse pliktene kvar for seg i sitt eige tempel eller kapell. I Tarsus, liksom i Aleksandria, hadde jødane sitt eige lag som utførde dei borgerlege religiøse handlingane i samsvar med den jødiske gudstru. Jødedomen synest å ha vore godkjend og tillaten i Tarsus. Der var ikkje den absolutte skiljing mellom jødar og heidningar som dei fleste andre stader. Dette gjorde at Paulus seinare var serleg skikka til å arbeida mellom heidningane og til å sjå på dei med skjønsemd.

Far åt Saul var ikkje berre borgar i Tarsus. Han var ein framstående borgar, for på grunn av ei eller onnor serleg forteneeste hadde han og ætta hans fått romersk borgarskap. Dermed stod han høgre enn dei andre. Det førde med seg mange føremunar, og det gav tilgjenge til alle byane i heile riket. Han har sikkert vore ein velstående forretningsmann. Det var ein sedvane hjå jødane at alle gutar skulle læra handverket åt faren. Saul var jo av ei familie som sat godt i det. Han ville sjølvsgt ikkje verta nøydd til å arbeida som handverkar for å leva, meinte faren men han skulle læra handverket som ei from plikt. Saul sette nok ofte opp eit mindre blidt ansikt når han laut læra å laga istand og veva teltdukar av det tevjande geitehåret frå Taurus. Kor ville ikkje faren, den rike tøyhandlaren, ha undra seg, om nokon hadde sagt at denne gåverike sonen som han hadde så store voner til, ein dag ville koma til å tena sitt daglege brød på same måten som ein av hans eigne fabrikk-arbeidarar.

(Meir).